



Nynorsk kultursentrum



Språk, kultur og kunnskap til heile landet



Strategisk plan for Nynorsk kultursentrum 2020–2025



Vedteke i styret
6. desember 2019.

Innhald og introduksjon

1 Visjonen: Språk, kultur og kunnskap til heile landet	3
2 Verdiane	3
3 Den store samanhengen	3
4 Politiske prioriteringar.....	4
5 Kunnskapsutvikling	4
6 Kulturformidling	5
7 Arenadrift	6
8 Organisasjon.....	7
9 Kommunikasjon.....	7

Føremålet i vedtektene

«Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingscenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.»

Struktur

Planen slår fast mål som organisasjonen skal nå i planperioden, og tiltak for å nå desse måla.

Omgrep, definisjonar og avgrensingar

Arenaene er dei tre fysiske stadene som er opne for publikum: Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret og Vinje-senteret. Vinje-senteret inkluderer diktarheimen Midtbø og Vinjestoga.

Merkevarane inkluderer Stiftinga Nynorsk kultursentrum, dei tre arenaene, dei tre festivalane, barnemaskottar som tunkatten Lurivar og dei digitale tenestene som til dømes Allkunne og Nynorsk.no. Kommunikasjonsplanen og andre strategiske val i 2020 avgjer kva merkevarer vi byggjer på vidare, kva målgrupper desse skal nå, og kva verdiar som skal kommuniserast.

Politiske prioriteringar er dei måla og tiltaka Nynorsk kultursentrum skal utvikle og arbeide for å få gjennomslag for hos lokale, regionale og nasjonale styresmakter.

Kunnskapsutvikling inkluderer forskning, samlingsforvaltning og dokumentasjon.

Kulturformidling omhandlar den nasjonale og digitale formidlinga av nynorsk språk og litteratur til ulike målgrupper.

Arenadrift er produksjon av publikumstilbod, kulturfagleg innhald og program, og drift av eigedomar og uteområde på dei tre arenaene.

1 Visjonen: Språk, kultur og kunnskap til heile landet

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ein kulturinstitusjon som gjennom kulturformidling og kunnskapsutvikling arbeider for ein kulturell fellesskap i Noreg der det språklege mangfaldet er sjølvsagt. Nynorsk kultursentrum er ei språkpolitisk kraft som arbeider for at nynorsk er sjølvsagt når som helst og kor som helst. Stiftinga når mange ulike målgrupper i heile landet. Det blir gjort med utstillingar, arrangement og digitale tilbod. Alt stiftinga gjer, er forankra i kunnskap om målgruppene og nynorsk språk og litteratur.

2 Verdiane

Nynorsk kultursentrum er *påliteleg, samlande* og *kreativ*.

Påliteleg: Det politiske, vitskaplege og kulturelle arbeidet byggjer på trygg kunnskap frå eigen og andre organisasjonar.

Samlande: Det vi gjer, speglar det norske mangfaldet og viser at vi kan vere ulike i lag. Vi samarbeider med andre og utviklar kunnskap og kulturtilbod i lag med målgruppene.

Kreativ: Det er med nye innfallsvinklar vi kan skape nye innsikter eller nå nye målgrupper. Arbeidet i stiftinga blir alltid fornya, og det skal vere stort rom for nye idear.

3 Den store samanhengen

Heile ideen om eit nynorsk skriftspråk er ei tru på at ein kan vere ulike i lag. Dei som tok nynorsk i bruk i skrift, såg at Noreg var meir enn nokre få, og at det norske skriftspråket måtte romme dette mangfaldet. Språk kan sameine på tvers av geografisk avstand og sosiale skiljeliner. Det nynorske skriftspråket er ein del av den kulturelle identiteten til einskildmennesket og nasjonen. Noreg er eitt av få land i verda der ein stort sett kan snakke slik ein gjer heime, når ein er på arbeid eller talar offentleg. Det gjer yringsrommet større for fleire.

Fortida

Med jamstillingsvedtaket i 1885 blei ein kulturell konflikt ordna gjennom vedtak og rom for individuelle og geografiske skilnader. Det har ført til eit stort språkleg medvit, eit større kulturelt mangfald og har lagt grunnlaget for ein demokratisk og tolerant stat. Norsk er både bokmål og nynorsk. Nynorsk har ein verdi for alle uavhengig av eigen språkbruk. Kunsten, vitskapen og historia er felleseige for alle. Noreg og verda er rikare med nynorsk enn utan.

Notida

I dag er den fleirspråklege nasjonen rausare for fleire. Tida det har teke å formalisere dette, syner at verdien av språkmangfald og språkleg toleranse må bli formidla og forsvart. Nordmenn har meir variert språkbakgrunn på 2000-talet enn nokosinne. Nærværet av mange språk har redusert avstanden til andre språksamfunn. Det mangfaldet av erfaringar gir nye høve til forståing.

Framtida

Det krev både kløkt, kunst og kunnskap for å sikre eit språkleg mangfaldig og eit tolerant samfunn i framtida. Nynorsk kultursentrum arbeider både politisk og kulturfagleg med å gjere det nynorske skriftspråket og dei norske dialektane til ein del av flest moglege kvardagar – også i framtida. Denne strategien er ein veg mot det målet.

4 Politiske prioriteringar

Måla våre blir nådde gjennom lokale, regionale, nasjonale og internasjonale styresmakter. Samfunnsengasjementet i Nynorsk kultursentrum kjem frå det nynorske språket og litteraturen og går fram av arbeidet for språkleg mangfald og for nynorskbrukarane. Dette engasjementet krev både forsvar og tiltakslyst.

1 Norsk, med skriftspråka bokmål og nynorsk, er eit samfunnsberande språk i Noreg.

- a. Dei språklege rettane til innbyggjarane blir bevarte, følgde og styrkte.
- b. Pliktene styresmaktene har til å gjennomføre jamstillingsvedtaket og intensjonane med språklova, blir følgde opp.
- c. Den språklege infrastrukturen, inkludert ordbøker, databasar, termlister og korpus for nynorsk og bokmål, skal vere tilgjengeleg og i bruk for språkteknologi.
- d. Høgskular og universitet skal ivareta norsk, med nynorsk og bokmål, som fagspråk.

2 Fleire blir og blir verande nynorskbrukarar.

- a. Rammevilkåra for nynorsk i kvardagen blir sikra, til dømes gjennom same tilgang på digitale og teknologiske hjelpemiddel som bokmålsbrukarar har.
- b. Fylkeskommunane vedtek tiltak for å hindre språkskifte i vidaregåande opplæring.
- c. Barn og ungdom har tilgang til digitale tilbod av høg kvalitet på nynorsk og dialekt.
- d. I 2025 er nynorsk framleis i dagleg bruk i dei områda der det er nynorsk i skulen i 2019.

3 Leseevna og leselysta blir styrkt i Noreg.

- a. Lov- og avtaleverk gjer det mogleg å produsere og oppleve litteratur, dramatikk, musikk og journalistikk.
- b. Folkebiblioteka har føresetnadene for å synleggjere det litterære og språklege mangfaldet.

4 Det språklege mangfaldet i verda er synleg.

- a. Dei europeiske språklege mindretala samarbeider om tiltak og metodar for å ta vare på og styrkje det språklege mangfaldet.
- b. Språkmusea i verda samarbeider om å utveksle kunnskap om språk og språkformidling.
- c. Ved all relevant politikkkutvikling i Noreg skal omsynet til språkmangfaldet vere med.

5 Kunnskapsutvikling

Forskning, samling og dokumentasjon av nynorsk språk og litteratur ligg til grunn både for formidlinga og for politiske gjennomslag. Å auke forskingsproduksjonen og formidle denne kunnskapen vidare er førsteprioritet i denne strategiperioden. Gjennom forskning får vi ny og nødvendig innsikt om nynorsk språk og litteratur.

1 Nynorsk kultursentrum bidreg til ny kunnskap om nynorsk språk og litteratur.

- a. Stiftinga deltek i forskingssamarbeid med museum, bibliotek, universitet og høgskular.
- b. Frivillige og profesjonelle frå felta vi utviklar kunnskap om, deltek i kunnskapsutviklinga.
- c. Det blir kvart år arrangert seminar som fører til forskning på relevante emne.
- d. I 2025 har fem tilsette forskingstid og minst éin tilsett førstekompetanse.
- e. Kunnskapen og samlingane blir så langt råd er, publiserte på opne lisensar.

2 Munnlege minne om nynorsk språk og litteratur blir tekne vare på.

- a. Munnlege minne frå sentrale aktørar for nynorsk skriftkultur på 1900- og 2000-talet skal bli samla inn, formidla og gjorde tilgjengelege for forskning og formidling.

- b. Historia til Norsk Målungdom med vekt på dialekt, identitet og motkultur i urbane miljø er eit prioritert område i planperioden.
- c. Folk har høve til å fortelje Nynorsk kultursentrum om sine eigne erfaringar med nynorsk språk og litteratur gjennom digitale video- og lydopptak ulike stader i landet.

3 Stiftinga har påliteleg og relevant dokumentasjon om nynorsk språk og litteratur, og bruker det til kulturformidling og politikktutvikling.

- a. Fakta om nynorsk språk og litteratur skal vere tilgjengelege og oppdaterte digitalt.
- b. Leksikonartiklar om nynorsk kulturhistorie og språk skal bli oppdaterte og supplerte.
- c. Biblioteket i Aasen-tunet har oversyn over aktuelle publikasjonar.

4 Samlingane er sikra, registrerte og gjorde digitalt tilgjengelege.

- a. Gjenstands- og kunstsamlinga er sikra, registrert og gjord digitalt tilgjengeleg i 2021.
- b. Fotosamlingane er sikra, registrerte og gjorde digitalt tilgjengelege i 2024.
- c. I samarbeid med Nasjonalbiblioteket blir bibliografiane over debutantar på nynorsk og dialekt og over Aasen, Hauge, Vinje og Fosse oppdaterte og gjorde tilgjengelege digitalt.

6 Kulturformidling

Nynorsk kultursentrum produserer kulturopplevingar med nynorsk språk og litteratur av høg kvalitet. Det skal vere engasjerande og påliteleg innhald for mange ulike målgrupper.

Stiftinga skal arbeide for å auke tilbodet av nynorsk kulturtilbod, både i omfang og i sjangerbreidde fysisk og digitalt. Folkebiblioteka er dei viktigaste formidlarane av språk og litteratur til alle målgrupper i alle lokalsamfunn. Alle norske skuleelevar skal ha tilgang på kunst- og kulturopplevingar på nynorsk gjennom Den kulturelle skulesekken. Den digitale strategien er tredelt: Stiftinga skal produsere eige innhald, formidle og dele innhald frå andre og dele vårt innhald i andre digitale tenester om det er der ein når målgruppene.

Nynorsk kultursentrum skal vere kjent med kva behov skulane og barnehagane har for nynorsk innhald, bidra til at desse behova blir dekte, og gjere tilbodet vårt kjent for lærarane.

1 Kunnskap og opplevingar på og om nynorsk er tilgjengelege for alle digitalt.

- a. Nynorsk kultursentrum formidlar språk og litteratur med tekst, lyd og video digitalt.
- b. Nynorsk kultursentrum produserer påliteleg og oppdatert leksikalsk innhald om nynorsk kulturhistorie, nynorsk skriftkultur og andre emne for ulike digitale flater.
- c. Frå 2022 formidlar nettstadene innhald som er tilpassa vaksne innvandrarar og flyktingar med norskopplæring på nynorsk, og som dei sjølve er med på å utvikle.
- d. Forteljinga om nynorsk er tilgjengeleg på engelsk til ulike målgrupper frå 2022.
- e. Digitalt innhald som er lite relevant eller av dårleg kvalitet, blir sletta for å framheve det relevante kvalitetsinnhaldet.
- f. Minst 20 arrangement i året blir lagde ut på lyd- og video-deletenester.
- g. Mest mogleg innhald blir publisert med lisensar som gir rett til gjenbruk og deling.

2 Alle folkebibliotek i Noreg har utstilling eller arrangement frå stiftinga i planperioden.

- a. Nynorsk kultursentrum utviklar spesialutstillingar for bibliotek i format som er enkle å frakte, enkle å setje opp og attraktive å bruke for dei som er på biblioteka.
- b. Stiftinga samarbeider med bibliotek om arrangement til ulike målgrupper.

3 Barn og ungdom i heile landet får kulturopplevingar på nynorsk av høg kvalitet.

- a. Nynorsk kultursentrum tilbyr produksjonar for kvart hovudsteg (småsteget, mellomsteget, ungdomsskulen og vidaregåande) i Den kulturelle skulesekken.
 - b. Barn og ungdom får gjennom vårt arbeid tilgang til digitalt innhald dei er interesserte i.
- 4 Fleire kjem til orde gjennom den digitale og fysiske formidlinga til stiftinga.
- a. Medlemer av målgruppene er med på å utvikle digital og fysisk formidling.
 - b. Nynorsk kultursentrum utviklar saman med andre nye røyster på nynorsk på ulike samfunnsområde. Ungdomspolitikarar og (for å sikre politisk retorikk på nynorsk) og masterstudentar (for å sikre nynorsk fagspråk) kan vere døme.

7 Arenadrift

Kjernen i den lokale formidlinga og reisemålsutviklinga er basisutstillingane i Aasen-tunet, Hauge-senteret og Vinje-senteret og dei tre festivalane Dei nynorske festspela, Ulvik poesifestival og Litteraturdagane i Vinje. Butikk og kafé er ein del av arenatilbodet.

Frivillige skal oppleve meining, trygghet og ansvar når dei arbeider frivillig på arrangement, festivalar eller i museumsverksemda. I basisutstillingane kjem barn og ungdom inn gratis i følge med vaksne.

1 Vinje-senteret formidlar forteljingar med utgangspunkt i diktinga og journalistikken.

- a. Basisutstillinga ved Vinje-senteret opnar i 2021.
- b. Omvisingar ved Midtbø og Vinjestoga er ein del av tilbodet senteret tilbyr.
- c. Skular og barnehagar har tilbod om omvising og andre kulturfaglege opplegg.
- d. Det er arrangement i Telemark og Setesdal som syner kva stiftinga driv med, og nokre kulturarrangement gjennom året for utvalde målgrupper.
- e. Litteraturdagane i Vinje etablerer fleire programpostar som formidlar journalistikk.
- f. Vinje-senteret deltek i promoteringa av Vest-Telemark som heilårsdestinasjon.

2 Ivar Aasen-tunet formidlar det språklege mangfaldet og kva det tyder for menneska.

- a. Vedlikehaldsplan for bygningar og eigedom blir fastsett i 2021.
- b. Skular og barnehagar har tilbod om omvising og andre kulturfaglege opplegg.
- c. Dei nynorske festspela produserer eller tingar ny nynorsk kunst for barn eller vaksne.
- d. Det er arrangement i Ørsta og Volda som syner kva stiftinga driv med, og nokre kulturarrangement gjennom året for utvalde målgrupper.
- e. Utleigetilbodet og vertskapsrolla under utleige er ein aktiv del av marknadsføringa.
- f. Revidering av basisutstillinga er vedteken i 2025 og blir realisert fram til 2030.

3 Olav H. Hauge-senteret formidlar lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser.

- a. Olav H. Hauge-dikt i bygda blir lansert i 2020 og opnar i 2021.
- b. Skular og barnehagar har tilbod om omvising og andre kulturfaglege opplegg.
- c. Det er arrangement i Ulvik og på Voss som syner kva stiftinga driv med, og nokre kulturarrangement gjennom året for utvalde målgrupper.
- d. Ulvik poesifestival etablerer ein ny programpost som når breitt og lokalt.
- e. Saman med andre skal stiftinga arrangere rundreiser til litterære attraksjonar.

4 Arenadrifta er berekraftig og tek auka omsyn til klimaet og miljøet.

- a. Så langt råd er, nyttar tilsette i Nynorsk kultursentrum miljøvenleg reisemåte.
- b. Det blir lagt til rette for sykling, samkøyring og kollektivtransport til Festspela.
- c. Mattilbodet skal så langt råd er, vere basert på lokale matvarer og tradisjonar.

5 Folk har lyst til å arbeide frivillig for Nynorsk kultursentrum.

- a. Det lokale og individuelle engasjementet for språk og litteratur er eit utgangspunkt for å finne former for frivillig deltaking til kunnskap og kulturformidling.
- b. Arenaene legg til rette for eit trygt, sosialt og fagleg fellesskap mellom dei frivillige.

8 Organisasjon

Stiftinga skal ha den fremste kompetansen på å formidle, forske og forvalte nynorsk skriftkultur og vere ein attraktiv arbeidsgivar for kultur- og driftsfaglege tilsette. Nynorsk kultursentrum skal vere effektivt organisert for å nå måla til stiftinga

- 1 Økonomistyringa legg grunnlaget for vidare drift av stiftinga.
 - a. Maksimalt 60 prosent av driftskostnadene skal gå til løn og sosiale kostnader.
 - b. Eigenkapitalen er til kvar tid på 15 prosent av årlege driftskostnader.
 - c. Prosjektmidlar, gåver og tilskot utgjer minst fem prosent av dei årlege inntektene.
 - d. Eigenutvikla butikkvarer genererer eigeninntekter til stiftinga.
- 2 Kompetansen i organisasjonen skal svare til kompetansebehovet til stiftinga.
 - a. Organiseringa av stiftinga, inkludert stillings- og budsjettstruktur, blir revidert i 2020.
 - b. Organisasjonen bruker effektive digitale administrative verktøy.
- 3 Nynorsk kultursentrum arbeider i lag med andre om å fremje nynorsk.
 - a. Nynorsk kultursentrum tek initiativ til å etablere ein felles strategi for samling, digitalisering og formidling av nynorsk skriftkultur.
 - b. Saman med andre nynorsktiltak avklarar stiftinga arbeidsdeling og samarbeid.
 - c. Det blir gjort avtalar med fylkeskommunane om samarbeid for nynorsk frå 2021.
- 5 Arbeidsmiljøet gjer at dei tilsette trivst på arbeid.
 - a. Gjennom gode bemanningsplanar skal over- og plusstid ved festivalane bli redusert.
 - b. Det blir bygd om eller ut til fleire kontorplassar i Ørsta.
 - c. Det er tettare fellesskap med fagleg og geografisk nære institusjonar.
 - d. Så langt det går, legg stiftinga til rette for oppgåver til menneske som er i arbeidstrening, språkpraksis eller samfunnsteneste.

9 Kommunikasjon

Kommunikasjonen er påliteleg, samlande og kreativ. Nynorsk kultursentrum skal i strategiperioden oppdatere den visuelle profilen til verksemda og bli betre kjend med fleire målgrupper.

- 1 Nynorsk kultursentrum har merkevarer som når målgruppene.
 - a. Nynorsk kultursentrum vedtek kommunikasjonsplan i 2020.
 - b. Kvar einskild merkevare har definerte verdiar, målgrupper og visuell identitet.
- 2 Nynorsk kultursentrum er ei påliteleg kunnskapskjelde og ein politisk aktør.
 - a. Nynorsk kultursentrum nyttar etablert kunnskap i og utanfrå institusjonen som grunnlag for fagleg og politisk kommunikasjon.
 - b. Strategiar, planar, høyringsfråsegner og utgreiingar er offentleg tilgjengeleg for alle.
- 3 Alle tilsette og engasjerte skriv god og korrekt nynorsk.
 - a. Tilsette og fast engasjerte får tilbod om årlege språkkurs og språkrettleiing.
- 4 Nynorsk kultursentrum skal arbeide på lag med målgruppene sine.
 - a. Nynorsk kultursentrum arbeider aktivt med samskaping av innhald med målgruppene.
 - b. Nynorsk kultursentrum nyttar alltid fokusgrupper ved større formidlingsprosjekt.



Nynorsk kultursentrum

Språk, kultur og kunnskap til heile landet